



Ingeniør Taule AS
Kvassnesveien 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2559 - 14/6835

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
25.03.2014

Løyve til etablering av garasje på gbnr 196/153 Midtgård

Administrativt vedtak. Saknr: 39/14

Vedtak

Kommunen gjev løyve til etablering av garasje med BYA på 42,75 m² i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 15.01.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-2.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Ingeniør Taule AS	S	SØK Ansvarleg søkjer T1 PRO Plassering, grunn/terreng T1
Arkplan as	S	PRO Arkitekturprosjektering T1
H. Sandvik AS	S	PRO Betongarbeider T1
Ing. Taule AS	S	UTF Tømrerarbeid T1

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Medaas Oppmåling	L	UTF Plassering av bygg T1
H. Sandvik AS	S	UTF Betongarbeid, radonsperre T1
Frode Haugsvær Maskin as	S	UTF Grunn og terrengarbeid T1
Hans Jarle Haukås	S	UTF Murarbeid T1

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Det er søkt om garasje knytt til einebustad. Det er søkt med ansvarsrett, og det er søkt om fritak i frå nabovarsling.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

I medhald av reglane i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd blir det gjeve fritak for varsling til eigarane av naboar, da dette tiltaket var syna på nabovarsel for søknad om bustad.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av reguleringsplan for Midtgård/Leknes Gnr.196 Bnr. 4 vedtatt 14.06.2007.

Veg og tilkomst

Tomta har avkøyrsløse i frå privat veg.

Uteopphaldsareal og parkeringsløyseringar

Det er administrasjonens vurdering at tomta har tilstrekkeleg uteopphaldsareal, og så langt vi kan sjå er parkeringsløyseringa som skal vere i tillegg til garasje, i samsvar med gjeldande regelverk.

Plassering og høgdeplassering

Høgdeplasseringa vert godkjent til OK gulv +40,0, jf pbl § 29-4 første ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 2, jf standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Oppsummering og konklusjon

Administrasjonen finn med dette å kunne godkjenne søknad om etablering av garasje i samsvar med innsendte kart, teikningar og skildring.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
<hr/>		

C.1.1 Bruk av kartbasis	1	500
C.5.1.a Frittstående garasje med BYA <70 m2	1	6.500
C.5.32 Godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning	5	5.250
C.5.31 Lokal godkjenning av ansvarsrett	1	2.500
Totalt gebyr å betala		14.750

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Ingeniør Taule AS

Kvassnesveien 33 5914

ISDALSTØ